

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **31. januar 2022** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av nestleiar Arne Valen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/ -SLUTT:	kl.17.00 – kl. 18.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Valen (Sp), Solfrid Aasen (Sp), Marit Elise Lier (Ap) og Gustav Eidsvåg (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Per S. Wathne (Krf)
FORFALL:	Ole Ørjan Hov (MDG)
FRÅ SEKRETARIATET:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Økonomisjef/ass. rådmann Peter O. Lura
ANDRE SOM MØTTE:	Brannsjef/daglig leiar Dag Botnen, Haugaland brann og redning IKS i sak 2/22 Øyvind Sævarhagen som tilhøyrar
MERKNADER TIL INNKALLING OG SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.11.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 22.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 22.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/22 ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP – HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek brannsjef Dag Botnen si utgreiing om selskapet Haugaland brann og redning IKS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Nestleiar hadde i forkant av møtet bede om at det blei orientert om, i tillegg til standardtema, om beredskapsevna knytt opp mot dei interne personkonfliktane, med mange oppseiingar, som media (H-avis 23.12.21 og 28.12.21) har skrive om, og om korleis jobbar leiar og styret med å løysa desse utfordringane.

Brannsjef Dag Botnen gav oversyn over selskapet sine oppgåver innan førebygging, kompetanse og beredskap. Selskapet blei etablert i 2018 med 9 kommunar, men Haugesund kommune valte seinare å trekkje seg ut av samarbeidet. Dette har tatt mykje tid, og å få system på plass har tatt lengre tid enn han fyrst såg for seg då han byrja i stillinga. Pandemien hadde heller ikkje gjort det lettare for han å få rutinar og eins kultur på plass.

Selskapet driftar i dag 20 stasjonar, 96 køyretøy og diverse utstyr. På lønningslista er det 320 tilsette, kor 40 er i heiltidsstillingar. Det er oppretta ein eigen logistikkavdeling. Her ligg den størst synergieffekten med samarbeidet, samt omsynet til HMS for dei tilsette. Dei har sidan oppstart rekruttert 60 nye, og dei siste åra utdanna mannskap sjølve. Også dette var med å gje reduserte kostnader. Det vert lagt stor vekt på førebygging gjennom tilsyn og opplæring, men det var i 2021 likevel nesten 1000 utrykkingar.

Han opna for at utfordringar var knytte til at det ikkje alltid er samsvar mellom selskapet sine planar (representantskapsvedtak) og aksept i kommunestyrene i dei enkelte eigarkommunane. Det gjeld pålegg frå Arbeidstilsynet og bygging av brannstasjonar. Det å ikkje ha god «forutsigbarhet» skapar usikkerheit i organisasjonen. Vidare var det innlevert varsel, bekymringsmeldingar frå tilsette som må handsamast etter regelverk i Arbeidsmiljølova og er personalsaker med teieplikt.

Styret hadde engasjert eksterne aktørar for å få hjelp til ein forvaltningsrevisjon rundt vaktordningar og ein faktaundersøking rund «*Messengersaka*». Forvaltningsrevisjonen er ferdig handsama og det vart ikkje funne brot på lov og forskrift, men det vart lagt framlegg til betring av rutinar. Rapport om «*Messengersaka*» vert lagt fram for partane 09.02.22.

Han framheva det gode samarbeidet med styret, og viste til at dei nylig hadde hatt styreevaluering. Utvalet hadde spørsmål om involvering av verneombod og tillitsvalde. Brannsjef viste til at det var godt samarbeid, men at det dessverre ikkje var kultur for at desse blei brukt som kanal av alle tilsette.

Nestleiar trakk fram at Sveio no hadde signalisert at dei vurderte andre beredskapsløysingar og bad om hans tankar om det. Brannsjefen var klår på at færre eigarar svekka synergieffektane. Samstundes vil denne type utredningar skape usikkerheit i organisasjonen. Han viste til at dei hadde eit godt samarbeid med Haugesund brann og redning i dag, men at slike prosessar tar tid og kostnader. Plan for beredskap knytte til oppseiingar i Skånevik var utarbeidd.

Nestleiar takka for hans openheit om selskapet sine utfordringar og ønskja han lykke til vidare med sitt arbeid.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek brannsjef Dag Botnen si utgreiing om selskapet Haugaland brann og redning IKS til orientering.

SAK 3/22 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJON – PROSJEKTMANDAT «PLANARBEID»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Planarbeid» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 200 timar.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Nestleiar innleia. Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen gjekk igjennom framlegg til mandat og problemstillingar. Han viste til oversyn over kommunen sine overordna- og temaplanar (27) med ønskje om at utvalet valde ut kva som var aktuelt å sjå nærare på.

Utvalet etterlyste Frivilligplanen 2029-2023 i prosjektmandatet. Nestleiar hadde innspel på at det var viktig å sjå på dei overordna planane som kommuneplan, samfunnsdel og arealdel, sentrumsplan og næringsplan. Aasen opplyste at jordbruk no skulle vere del av næringsplanen.

Medlemmene og forvaltningsrevisor drøfta mandatet. Utvalet meinte det var viktig at planar blir rullert. Lovkrav er rulling kvart fjerde år og Sveio sin kommuneplan blei sist vedteken i 2016. Frå utvalet blei det stilt spørsmål om administrasjonen var pålagd for mange oppgåver, som nytt badeanlegg, eller om dei har for få ressursar. Ass. rådmann viste til at kommuneplanarbeidet no var styrka. Utvalet støtta nestleiar sitt framlegg til val av planar. Revisor noterte seg innspela og dei ville sende oppdatert mandat på bakgrunn av val av planar.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Planarbeid» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Utvalet ønskjer at revisor skal sjå nærare på kommuneplan inkludert samfunnsdel og arealplan, kommunedelplan for Sveio sentrum og Sveio næringsplan der jordbruksdelen er bakt inn. Utvalet vil òg at revisor ser nærare på planstrategien, som skal rullerast kvart fjerde år.

Ramma vert sett til 200 timar.

SAK 4/22 REVISOR SINE RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGAR – FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2021

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte og viste ein presentasjon. Han gjorde greie for bakgrunn, lovgrunnlag for denne kontrollen og døme på aktuelle tema for ein etterlevingskontroll. Revisor meinte at etter deira vurderingar var gåver, representasjon, bevertning og reiserekningar det mest aktuelle tema i år.

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

SAK 5/22 ÅRSPLAN FOR 2022

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringar/tillegg).

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sekretær innleia. Utvalet slutta seg til framlegget slik det var lagd fram.

Nestleiar gjorde framlegg om at planen også blei lagd fram for kommunestyret, slik som årsmelding. Sekretær meinte det måtte vere greitt at årsplanen vert lagt fram som referatsak. Utvalet slutta seg til det.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsplan for 2022.

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsplan for 2022 vert sendt kommunestyret som referatsak.

SAK 6/22 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SI ÅRSMELDING 2021

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2021 slik ho ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2021 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sekretær innleia og viste til at ho hadde gjort endringar i årsmeldinga side 3 om deltaking på konferanse og side 7 i rekneskapstala. Utvalet slutta seg til framlegget med nemnde endringar

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2021 slik ho ligg no føre med endringane på side 3 og 7.

og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2021 til orientering.

SAK 7/27 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 31.01.22

1. Statusrapport pr. januar 2022
2. Kommunestyrevedtak 13.12.21, sak 108/21 – Oppfølging av forvalt. rev.rapport - FOS
3. Kom.styrevedtak 13.12.21, sak 121/21 – Interpellasjon om barnevernet
4. Kom.styrevedtak 13.12.21, sak 122/21 – Interpellasjon om kommuneplanen
5. Rekneskapstall 2021 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
6. Budsjett 2022 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
7. Tertialrapport pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon IKS
8. Protokoll frå ekstr.ord. repres.skapsmøtet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 03.12.21
9. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 10.12.21 (ikkje sign.)
10. Oppsummering frå konferansen i Sandnes 02.12.21 v/Per Watne og sekretær
11. Statsforvaltaren i Rogaland - Informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2022
12. Rogaland fylkeskommune v/kontrollsjef – forvaltn.rev.rapport «Haugalandspakken»
13. Hgsds Avis om fylkestingsbehandling av rapport i møtet 14.12.21, sak 131
14. Forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken» (eget vedlegg – 100 sider - også utsendt i desember 2021 til medlemmene)
15. Innspel om saker til kontrollutvalet frå Øyvind Sævarhagen (oversendt 25.11.1/ 20.01.22)
16. Brev til Sivilombodsmannen, dagsett 02.08.20 om saker etter matrikkelloven i Sveio
17. Melding om forfall 31.01.22 og søknad om fritak frå vervet som leiar/medlem av kontroll- og kvalitetsutvalet – e-post 20.01.22 frå Ole Ørjan Hov

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 1 – 17 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber om ein tilbakemelding frå rådmannen på henvendinga om rutinar knytte til matrikkelføring og grenseoppmålingar til møtet 09.05.22.

Skriftlig svaret vert levert sekretariatet innan 29.04.22. Utvalet ber også om at rådmannen orienterar om saka i møtet i mai.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sekretær gjorde greie for status og saker.

Pkt .11

Frå statsforvaltar i Vestland var det ikkje kome eige brev, men også dei samordna tilsyna med kontrollutvala sine planar. Ho viste til at no var oppretta nasjonal tilsynskalender, der også kommunane sin forvaltningsrevisjonar er tatt inn.

Pkt. 15 og 16

Nestleiar var tydeleg på at utvalet sitt mandat er å sjå på system og ikkje enkeltsaker. Han støtta innstillinga om å be rådmannen komme med ei tilbakemelding. Utvalet meinte det kunne vere fleire saker der regelverket ikkje var følgt. Utvalet støtta innstillinga for å vurdere om det her kunne vere systemsvikt.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 31.01.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 1 – 17/22 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber om ein tilbakemelding frå rådmannen på varslinga om rutinar knytte til matrikkelføring og grenseoppmålingar til møtet 09.05.22.

Skriftlig svar vert levert sekretariatet innan 29.04.22. Utvalet ber også om at rådmannen orienterar om saka i møtet i mai.

YMSE

Andre saker var ikkje meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er neste møtedato måndag **9. mai**.

Saker: orientering om IKT-avdelinga og personvernombodet, rådmannen si tilbakemelding rundt matrikkellova, kommunen sin årsrekneskap og årsmelding 2021, Ryvarden kulturfyrfy KF sitt rekneskap og årsmelding og forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021.

Sveio/Aksdal, 31. januar 2022

Arne Valen
Nestleiar

Toril Hallsjø
Utvalssekretær